

Notat

Til: Kunnskapsdepartementet
Fra: Unit v/ Samordna opptak
Kopi:
Dato: 25.06.2019

Høyringsnotat - forskrift om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning

INNLEIING

Forslaga om endringar i forskrifta omfattar:

Kap. 4 Spesielle opptakskrav §§ 4-8, 4-10.

Kap. 6 Politiattest § 6-6

Kunnskapsdepartementet har motteke forslag om endringar i opptaksforskrifta frå 14 instansar i 2020. Fleire av forslaga er omtalte i dette høyringsnotatet. Mindre, tekniske endringar, som endringar i namn på studium og andre språklege endringar, blir ikkje sende på høyring, av di det ikkje er naudsynt, jf. forvaltningslova § 37 fjerde ledd, bokstav c.

Unit legg til grunn at endringar som ikkje påverkar val av fag som elevane gjer i vidaregåande opplæring, kan få verknad frå og med opptak til studieåret 2021-2022. Om eit forslag skal få verknad frå eit anna studieår, er dette nemnt under desse forslaga.

Forslaga som blir sendt på høyring gjeld spesielle opptakskrav i kapittel fire. To av desse er i dag prøveordningar som vert foreslått som permanente opptakskrav. I tillegg er det foreslått ei endring i kapittel seks om politiattest, som pålegg institusjonane å varsle praksisstadane om studentar som ikkje har fått framlagt politiattest i tide, jf. § 6-6.

KAPITTEL 4. SPESIELLE OPPTAKSKRAV

§ 4-8. Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram

Gjeldande rett

Det følger av § 4-8 at det kan fastsettest spesielle opptakskrav for opptak til engelskspråklege utdanningsprogram. NMBU har hatt krav om karakteren fire eller bedre som ei prøveordning for opptak til sine engelskspråklege studieprogram. Menighetsfakultetet og Universitetet i Sørøst-Noreg har dette som ei permanent ordning for sine engelskspråklege program.

Forslag frå Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU)

NMBU ønskjer å innføre krav om karakteren fire eller bedre i fellesfaget engelsk som ei permanent ordning. NMBU har evaluert ordninga og ser gode grunner for at det bør bli ei permanent ordning. Dei framhev at det faglege nivået har blitt betre og peiker på følgjande:

«Det oppleves i større grad enn tidligere at studenter samhandler på tvers av nasjonalitet og språklig bakgrunn. Sterkere engelskferdigheter har gjort at oppgaver som fagfellevurdering blant studentene har kunnet benyttes i undervisning og langsgående evaluering. Språk fungerer i dag mer som en bro og mindre som en barriere mellom studentene, både i og utenfor klasserommet.»

NMBU ber difor om at dette vert innført som ei permanent ordning frå og med opptak til studieåret 2021-22.

Unit si vurdering

Unit meiner at NMBU har gjort ei grundig vurdering av forsøksordninga og ser at opptakskravet har hatt ønska effekt. Unit støttar difor at NMBU får innført dette som ei permanent ordning.

Forslag frå UiT Noregs arktiske universitet (UiT)

UiT ønskjer å innføre krav om karakteren fire eller bedre i fellesfaget engelsk for opptak til Bachelors programme in Arctic Adventure Tourism og Bachelors programme in Northern Studies. I tillegg ønskjer dei eit krav om at søkjarane skal levere eit motivasjonsbrev og gjennomføre intervju med dei best kvalifiserte søkjarane. Dei ser at fleire av studentane som i dag får opptak ikkje har dei naudsynte språkkunnskapane til å kunne gjennomføre studiet. Ved å innføre opptakskrav vonar dei at dei får meir motiverte søkjarar som også har dei naudsynte forkunnskapane for å kunne fullføre.



Unit si vurdering

Unit viser til at det er fleire engelskspråklege studieprogram som har krav om karakteren 4 eller betre i fellesfaget engelsk eller tilsvarande. UiT har vist til at dei erfarer at studentane som får opptak i dag ikkje har dei naudsynte kunnskapane i engelsk til å følgje undervisninga Unit støttar difor at UiT får innført krav om karakteren 4 eller betre i fellesfaget engelsk eller tilsvarande.

Unit viser til at det allereie finns omrekningstabellar av språktestar i engelsk for karakteren 4 eller betre i fellesfaget, og at UiT må nytte desse i omrekninga av språktestane for å sikre lik handsaming.

Det er Unit si vurdering at intervju er ei form for opptaksprøve, og at UiT difor kan nytta det som eit spesielt opptakskrav. Unit ønskjer likevel å vise til at det er einskilde utfordringar ved å ha dette som eit opptakskrav då det er svært ressurskrevjande å gjennomføre. Det er vidare viktig å klargjere når i søkjarprosessen det skal gjennomførast, sidan UiT uttalar at dei berre skal kalla inn dei best kvalifiserte søkjarane. Det er i dag ikkje klar for Unit når UiT skal vurdere kven som er dei best kvalifiserte søkjarane, då norske søkjarar har siste dokumentasjonsfrist 1. juli.

Vidare meiner Unit at motivasjonsbrev er lite egna som opptakskrav. Det er vanskeleg å sikre at motivasjonsbrev er skreve av søkjaren sjølv. Dei er difor lite egna til å finne ut om søkjaren reelt er motivert til studiet. Kva for objektive kriterium motivasjonsbrev skal vurderast etter må også klargjerast på førehand for å sikre lik handsaming av søkjarane. Unit tilrår difor ikkje at UiT får innført opptakskrav om motivasjonsbrev for desse studia før forslaget er betre greia ut.

For å oppsummere tilrår Unit at UiT får innføre karakterkrav i engelsk og intervju som spesielle opptakskrav, men Unit tilrår ikkje at ein nyttar motivasjonsbrev.

§ 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag

Gjeldande rett

Det er i § 4-10 lista opp spesielle opptakskrav til forskjellige utdanningar. For opptak til journalistutdanninga ved OsloMet er det som ei forsøksordning innført krav om at søkjarane må dokumentere karakteren 4 eller betre i norsk. For opptak til bachelor i digital marknadsføring ved Høyskolen Kristiania er det i dag krav om at søkjarane må bestå ei opptaksprøve.

Forslag frå OsloMet



OsloMet har vurdert prøveordninga dei har hatt for opptak til journalistutdanninga med karakteren fire eller betre i norsk. Dei viser til at karakterkravet hindrar fråfall blant studentar, og at det har vært ei stabil utvikling på det området. Samstundes erkjenner dei at det er vanskeleg å si om innføring av opptakskravet har nokon påverknad på om studentane skriv meir effektivt, og at dei ikkje har sett dei store betringane som dei håpa på når det gjeld grammatiske forkunnskapar blant studentane. OsloMet har søkt om at karakterkravet i norsk skal vidareførast som eit permanent krav.

Unit si vurdering

Unit meiner at OsloMet har gjort ei grundig vurdering av prøveordninga med opptakskrav om karakteren fire i norskfaget og kva for verkingar dette har hatt på søkjarmassen.

Unit støttar vurderingane gjort av OsloMet og tilrår difor at dei får innføre krav om karakteren fire eller betre i fellesfaget norsk som eit permanent spesielt opptakskrav for opptak til journalistutdanninga.

Forslag frå Høyskolen Kristiania

Høyskolen ønskjer å fjerne opptakskravet om opptaksprøver for opptak til bachelor i digital marknadsføring. Dei viser til at innhaldet i studiet har endra seg sidan dei fekk innført krav om opptaksprøve, og at studiet ikkje lengre er kunstfagleg. Dette studiet har i dag mye samarbeid med andre studium som bachelor i marknadsføring og salsleiing og bachelor i marknadsføring og merkevareleiing, studium som ikkje har opptaksprøve.

Unit si vurdering

Det generelle opptakskravet for opptak til grunnutdanningar er generell studiekompetanse. Om Høyskolen Kristiania ikkje meiner det lengre er naudsynt å ha opptaksprøve på studiet, har ikkje Unit innvendingar mot dette. Å gjennomføre opptaksprøver er ressurskrevjande og hindrar ein digitalisert og effektiv opptaksprosess.

Unit støttar forslaget om å fjerne opptaksprøve som opptakskrav for opptak til bachelor i digital marknadsføring.

KAPITTEL 6 POLITIATTEST VED OPPTAK TIL HØGRE UTDANNING

Kapittel seks i opptaksforskrifta regulerer framlegging av politiattest ved opptak til utdanningar der studentar skal gjennomføre praksisperiodar der



han eller ho kan kome i kontakt med mindreårige eller andre sårbare grupper. Kapittelet inneheld også fleire prosessuelle føresegn.

§ 6-6 Følgjer av at politiattest ikkje blir lagt fram

Gjeldande rett

Det følgjer av § 6-6 at studentar som ikkje legg fram politiattest ikkje har rett til å delta i klinisk undervising eller praksis. Dette gjeld ikkje om årsaka til at det ikkje blir lagt fram politiattest er utanfor søkjarens kontroll. Studentane får ikkje utskreve politiattest før dei har fått tilbod om studieplass, og tida fram til fristen for å legge fram politiattesten kan difor bli kort.

Forslag frå Unit

Det kan oppstå situasjonar som gjer at det er vanskeleg for studentar å legge fram politiattest i tide, spesielt for studium som har praksis rett etter studiestart. Koronautbrotet er ein situasjon som kan gjere at det er vanskeleg for studentar å framskaffe politiattest innan fristane. Politiets eining for vandelskontroll og politiattestar har redusert bemanning som følgje av korona, og uttalar at det vil prioritere “Søknader relatert til helseinstitusjoner, barnevern, politi og samfunnskritiske oppdrag blir prioritert, og vil bli behandlet så snart som mulig”. Unit meiner difor at det er ein risiko for at fleire studentar ikkje for lagt fram politiattest i tide.

Desse studentane bør likevel få følgje normal undervising og praksis, men det er vår oppfatning at det bør stillast krav til oppfølging av desse studentane. Unit meiner at studiestadane bør varsle praksisplassane som får inn studentar som ikkje har lagt fram politiattest, men som likevel skal ut i praksis. Unit viser til at praksisstadane elles vil tru at studentane har framlagt politiattest.

Unit foreslår difor ei endring andre ledd med krav om at studiestadane må varsle praksisstadane om studentane ikkje har lagt fram politiattest.